


NOKUTS utredninger og analyser

# Faglege anbefalinger som verkemiddel for kvalitetsutvikling i høgre utdanning

desember 2011



Rapporttittel:	Faglege anbefalingar som verkemiddel for kvalitetsutvikling i høgre utdanning
Forfatter(e):	Oddvar Haugland og Jon Haakstad
Dato:	22. desember 2011
Rapportnr:	Rapport 2011-3
ISSN-nr:	ISSN 1892-1604

## Forord

NOKUTs analyse- og utgreiingsrapportar har til formål å gi bidrag til auka kunnskap om tilhøve innanfor høgre utdanning og fagskoleutdanning som har innverknad på kvaliteten i studia. Det er intensjonen at rapportane kan gi nyttige idear og stimulans til institusjonane sitt arbeid med å kvalitetssikre og vidareutvikle studietilboda sine. Rapportane vil dels formidle analysar av informasjon som NOKUT hentar inn gjennom evaluerings-, akkrediterings- og godkjenningsverksemda, dels og resultat frå særskilde undersøkinge prosjekt som NOKUT utfører.

Studien Faglege anbefalingar som verkemiddel for kvalitetsutvikling i høgre utdanning byggjer på eit utval akkrediteringar som NOKUT gjennomførte i åra 2003 – 2009. Studien undersøker effekten av ein praksis som har vore brukt sidan NOKUT starta sitt arbeid i 2003: Alle akkrediteringsprosessar med positivt vedtak får fagleg baserte anbefalingar frå den sakkunnige komiteen om korleis institusjonen kan utvikle kvaliteten vidare, ut over minstekrava for akkreditering. Det er samla inn ulike typar data som kan bidra til analyse av i kva grad denne praksisen har ein kvalitetsdrivande effekt på institusjonane eller utdanningane deira.

Studien er utført av seniorrådgivar Oddvar Haugland og seniorrådgivar Jon Haakstad med støtte frå andre tilsette i NOKUT si Avdeling for utgreiing og analyse. 33 statlege og private høgre utdanningsinstitusjonar har gitt bidrag til studien med faktisk og vurderande informasjon i sine svar på NOKUT si spørjeundersøking, og i djupintervju. Det hadde ikkje vore mogleg å gjennomføre studien utan institusjonane sin engasjerte medverknad. NOKUT takkar for godt samarbeid.



Terje Mørland

Direktør

## Sammendrag

I NOKUTs prosessar med akkreditering av høgre utdanning, både institusjonar og studietilbod, skal dei sakkunnige komiteane også gi anbefalingar til dei søkarinstitusjonane som får positivt svar, om korleis dei kan utvikle kvaliteten utover dei formelle krava. Det er då opp til dei einsskilde institusjonane om dei vil ta omsyn til desse anbefalingane, og korleis eventuelle tiltak vert gjennomført. Målet med denne studien har vært å få betre innsyn i korleis anbefalingane blir følgt opp, kva verknader dei kan ha på kvaliteten, og kva som eventuelt kan gjerast betre frå NOKUT si side. Rapporten bygger på ein gjennomgang av anbefalingar som dei sakkunnige komiteane har gitt og samanfattar resultat frå ei spørjeundersøking og frå intervju med leiarar og fagpersonar i institusjonar som hadde ansvar for akkrediteringssøknader i åra 2003-2009.

Innhaldet i anbefalingane ved institusjonsakkrediteringar gjeld stort sett dei same tilhøva, anten det dreier seg om universitet eller høgskolar, til dømes at organiseringa av verksemda må samsvare betre med hovudsatsingane, at forskingsaktiviteten og kompetansenivået i undervisninga må styrkast og at studentrekrutteringa må sikrast. Dei fleste formuleringane er heller generelle, sjølv om ein og finn døme på konkrete forslag som rettar seg mot spesielle tilhøve ved institusjonen. Anbefalingar i programakkrediteringar er meir varierte og detaljerte, men mange av dei gjeld sikring og vidareutvikling av fagpersonalet sin kompetanse.

Representantane frå institusjonane som blei intervjuar var stort sett nøgde med prosessen og dei anbefalingane som dei fekk. Særleg gjeld dette for institusjonsakkrediteringar. Nokre av dei veikskapane som komiteane peika på var institusjonane sjølve klar over og hadde planlagt tiltak for. Ved andre høve førte prosessen til intern opprydding om fokus. Også usemje mellom NOKUT sin komité og institusjonen kunne føre til konstruktiv debatt og seinare utvikling. Nokre typar kritikk gikk likevel att i fleire av samtalan. Mellom anna var fleire uroa over at komiteane var for små, at institusjonen ikkje fekk møte dei sakkunnige andlet til andlet (mastergradsakkrediteringar) og at vurderingane i nokon mon kunne vere gjort på grunnlag av komitémedlemmane sine særinteresser.

Nokre meinte og at dei sakkunnige kunne vere for tradisjonelle og for detaljorienterte i tolkinga av akkrediteringskrava. Ei anna innvending som fleire kom med var at det ikkje blei brukt sakkunnige frå utlandet ved akkrediteringar av studietilbod på fagområde som ennå ikkje var etablert i Norge. Effekten av anbefalingane blir jamt over vurdert som positiv av institusjonane sjølve. I svar på spørjeskjemaet seier eit fleirtal av institusjonane at dei har følgt opp alle anbefalingane, og med tilfredsstillande resultat. Andre seier at dei har følgt opp dei fleste. Men akkreditering av mastergradar skil seg ut. Ved desse akkrediteringane er det fleire som ikkje er heilt nøgde med anbefalingane og det har blitt gjort færre oppfølgingar med tiltak (men samstundes fleire eigeninitierte tiltak).

Institusjonane sine anbefalingar tilbake til NOKUT er blant anna at rådgivingsrolla kan styrkast og at anbefalingar i akkrediterings- og evalueringsrapportar kan uttrykkast tydelegare. Det vert og peika på at det er viktig å halde fast ved institusjonen sin eigen rett til å velje tiltak for vidareutvikling, ikkje minst for å sikre mangfaldet i dei høgre utdanningstilboda.

## Innhold

<b>1. Bakgrunn for studien</b> .....	<b>1</b>
<b>2. Utval, metode og gjennomføring</b> .....	<b>1</b>
<b>3. Typar faglege anbefalingar</b> .....	<b>2</b>
3.1 Institusjonsakkrediteringar .....	2
3.2 Programakkrediteringar .....	3
<b>4. Spørjeundersøkinga</b> .....	<b>3</b>
4.1 Institusjonane si vurdering av kvalitet og relevans i anbefalingane: .....	3
4.3 Institusjonane sine eigeninitierte oppfølgingstiltak .....	5
4.4 Effekt av dei faglege anbefalingane for utvikling av kvaliteten.....	6
4.5 Spreiing av gode tiltak og praksisar for kvalitetsutvikling.....	7
NOKUT si rolle.....	7
Konkrete forslag.....	7
Kommentarar til NOKUT sin praksis: .....	7
<b>5. Samtalar med institusjonsrepresentantar om akkrediteringsprosessar og faglege anbefalingar</b> .....	<b>8</b>
5.1 Institusjon 1: Akkreditering av mastergradsstudium.....	8
5.2 Institusjon 2: Akkreditering av doktorgradsstudium .....	9
5.3 Institusjon 3: Akkreditering av mastergradsstudium.....	10
5.4 Institusjon 4: Akkreditering av mastergradsstudium.....	12
5.5 Institusjon 5: Institusjonsakkreditering .....	13
5.6 Institusjon 6: Akkreditering av doktorgradsprogram .....	15
5.7 Institusjon 7: Akkreditering av doktorgradsprogram .....	16
<b>6. Sluttkommentar</b> .....	<b>18</b>

# 1 Bakgrunn for studien

Akkreditering er eit sentralt verkemiddel i kvalitetssikringa av høgre utdanning i Norge. Ei akkreditering inneber ei offisiell avgjerd om godkjenning av ein utdanningsinstitusjon eller ei utdanning og har dermed i hovudsak ein kontrollerande funksjon, utført av eit eksternt organ (NOKUT). Men dei sakkunnige komiteane som vurderer grunnlaget for akkreditering og innstiller til avgjerd skal også i sine rapportar gi anbefalingar til søkarinstitusjonane med sikte på å utvikle kvaliteten vidare, ut over dei formelle krava til akkreditering.

NOKUT har avgrensa kunnskap om korleis slike anbefalingar for vidareutvikling har fungert. I dei tilfella der institusjonane får positive akkrediteringsvedtak kan dei sjølve velje om dei vil nytte seg av desse anbefalingane eller ikkje, og dei har heller ikkje nokon plikt til å rapportere om korleis anbefalingane blir følgd opp. Dermed veit ein heller ikkje mykje om kva for effekt anbefalingane kan ha hatt for utvikling av utdanningskvaliteten. Formålet med denne studien er å finne ut noko meir om korleis praksisen med anbefalingar frå dei sakkunnige verka inn på kvalitet og kvalitetsarbeid.

# 2 Utval, metode og gjennomføring

Studien omfattar eit utval på 50 akkrediteringar med til saman 229 einskilde anbefalingar, gitt av dei sakkunnige komiteane i 50 ulike akkrediteringssaker for 33 høgre utdanningsinstitusjonar. Utvalet omfattar alle tre institusjonskategoriane universitet, vitskapeleg høgskole og høgskole, med både statlege og private institusjonar. I gjennomsnitt har kvar akkreditering fått 4.6 anbefalingar, med eit variasjonsområde frå 1 til 15. Meir detaljert deler utvalet akkrediteringar seg slik:

**Tabell 1: Oversikt over tal på akkrediteringsprosessar som er med i undersøkinga**

Type akkreditering	Tal	Tal
<b>Institusjonsakkreditering</b>		12
- Som universitet	3	
- Som vitskapeleg høgskole	4	
- Som høgskole	5	
<b>Programakkreditering</b>		38
- Doktorgradsprogram	10	
- Mastergradsprogram	28	
<b>Til saman</b>	50	50

I utvalet har ein tatt med alle akkrediteringar av institusjonar og doktorgradsprogram som blei utførte i perioden 2003 – 09. I den same perioden blei det utført om lag 100 akkrediteringar av mastergradsprogram, slik at utvalet på over 25 % av desse skulle gi bra representativitet, når det også er tatt omsyn til fagleg mangfald, institusjonskategori og geografisk lokalisering. Av kapasitetsomsyn blei det i denne omgangen bestemt å ikkje inkludere programakkrediteringar innafor bachelorgraden, som også har stort omfang i NOKUT si verksemd. Innsamling av relevante data er basert på tre ulike metodar:

1. Analyse av innhald i anbefalingane for institusjonsakkrediteringar med sikte på å finne ut om dei deler seg på kategoriane på nokon systematisk måte.

2. Spørjeskjema til 37 institusjonar (33 svarte), der dei blei bedne om å vurdere mellom anna:
  - Kvalitet og relevans i anbefalingane
  - Institusjonen si oppfølging av anbefalingane
  - Om institusjonen har sett i verk andre tiltak enn dei som dei sakkunnige anbefalte
  - Effekten av anbefalingane som verkemiddel for utvikling av kvaliteten
  - Spreiing av idear om gode tiltak i anbefalingane til andre institusjonar og fagmiljø.Spørsmåla var opne og inviterte til frie vurderingar. Svara har derfor i etterhand blitt tolka og inndelt i nokre kategoriar.
3. Intervju med leiarar og sentrale fagpersonar med ansvar for sju ulike akkrediteringssøknader, ved sju ulike institusjonar, om akkrediteringsprosessen og dei anbefalingane dei fekk.

Styrken ved studien ligg i eit breitt og representativt datautval, som gir eit godt inntrykk av korleis institusjonane har tatt i mot anbefalingane. Atterhald må takast for korleis institusjonane sine svar har late seg kategorisere på ein god måte, for at respondentane kan leggje ulike kvalitetsmål til grunn for sine vurderingar, og for at respondentar kan ha gitt "taktisk korrekte" svar.

## 3 Typar faglege anbefalingar

### 3.1 Institusjonsakkrediteringar

Institusjonsakkrediteringsprosessar handlar om å vurdere kva for kategori ein institusjon skal høyre til. Sentrale tema i desse vurderingane er mellom anna leiing av institusjonen, organisering av verksemda, ressursar og infrastruktur, ressursutnytting, kompetansen til det vitenskaplege personalet, omfang og profil på forskinga og tilrettelegging for studentane si læring. Akkrediteringskrava er ulike for dei tre institusjonskategoriane, til dømes når det gjeld formelt fagleg kompetansenivå, og av dette følgjer at kategoriane og har ulike fullmakter for kva utdanningstilbod dei kan gi utan programakkreditering. Anbefalingane har blitt analysert med sikte på å finne ut om dei skil seg systematisk frå einannan ut frå kva institusjonskategori dei gjeld. I analysearbeidet har ein fordelt anbefalingane på tre breie innhaldsområde: "Utdanning og læring" og "Kompetanse, forskning og utviklingsarbeid" og "Organisering, strategi og leiing".

Innafor området "Utdanning og læring" har anbefalingane stort sett liknande innhald på tvers av institusjonskategoriane. Anbefalingane handlar ofte om generelle tilhøve: Å styrke studietilboda, auke kompetansenivået i undervisninga, gjere tiltak for å sikre stabil tilgang på studentar, auke internasjonal studentutveksling, styrke fagleg leiing, auke deltaking i samarbeidsprosjekt, m.m. Men det er og anbefalingar som rettar seg mot meir spesifikke tilhøve ved institusjonen, til dømes å "klare opp i forholdet og samanhengen mellom utdanningar på ulike nivå", "vurdere tiltak for å jamne ut ulike belastningar på studieleiarar", eller "prioritere forskingsbasert undervisning på område som ikkje har det nå." Om ein ser vekk frå anbefalingar som gjeld samansetting av den samla tilbodsprofilen (som her er kategorisert under "strategi") er det relativt få anbefalingar som direkte gjeld utdannings- og læringsverksemda i institusjonsakkrediteringane.

Ein stor del av anbefalingane ligg innafor innhaldsområdet "Kompetanse og FoU". Dei fleste anbefalingane er heller generelle, og nokså like for dei tre institusjonskategoriane. Stort sett tilrår akkrediteringskomiteen at både forskingsaktiviteten og det generelle kompetansenivået i det faglege personalet bør styrkast. Døme på slike anbefalingar som er nemnd av fleire sakkunnige komitear, er å

“auke forskingstida for vitenskapleg tilsette”, “heve kompetansenivået med relativt fleire tilsette i førstestillingar”, “stimulere kvinner til forskarkarriere”, “auke internasjonalt samarbeid og forskarutveksling”, “stimulere til meir publisering i anerkjente internasjonale tidsskrift” og å “etablere forskargrupper om større prosjekt.” Styrking av internasjonalt samarbeid og auka aktivitet i faglege nettverk er gjengangarar i dei fleste akkrediteringsrapportane.

Innafor området “Organisering, strategi og leiing” er det nesten like mange anbefalingar som ein finn innafor “Kompetanse og FoU”-området. Anbefalingane går gjerne ut på at organiseringa av verksemda må bli betre tilpassa hovudsatsingane, eller at institusjonen må finne sin profil og si rolle i det norske institusjonslandskapet på ein klarare måte. Dei sakkunnige er likevel tilbakehaldne med å gi konkrete råd når det gjeld strategien.

Noko ein og kan merke seg, er at det nesten ikkje er anbefalingar som gjeld infrastruktur, som til dømes om bygnadsmessige eller utstyrmessige tilhøve. Heller ikkje kvalitetssikringssystem eller studiekvalitet er område som i særleg grad nemnast som område for vidare utvikling.

Det syner seg altså at sjølv om anbefalingane må tenkast implementert på ulike nivå for til dømes eit nytt universitet og ein ny akkreditert høgskole, er dei i innhald stor sett dei same på tvers av institusjonskategoriane.

### **3.2 Programakkrediteringar**

Ei samanlikning mellom anbefalingane som er gitt til doktorgrads- og til mastergradsprogram syner nokre likskapar og nokre klare skilnader. Felles for både kategoriane er at dei fleste anbefalingane er knytte til eit område vi kan kalle “profil og innhald i tilbodet”, medan tilhøve knytte til fagpersonalet sin formelle kompetanse også får mange anbefalingar i begge kategoriane.

Doktorgradsprogramma får klart fleire anbefalingar enn mastergradsprogramma innafor områda “organisering/strategi” (ofte knytt til anbefaling om programmets profil og innhald) og “stabilitet/rekruttering”. Sjølv om det er komiteane si vurdering at desse akkrediteringssøknadane oppfyller NOKUT sine krav, har dei og vore merksame på at doktorgradsprogram drivne av nyutvikla og mindre fagmiljø kan vere sårbare for svekking og svak rekruttering av stipendiatar på lengre sikt. På den andre sida får mastergradsprogramma klart fleire anbefalingar når det gjeld “studieplan/læringsmål”, “internasjonalisering/faglege nettverk” og “FoU”. Anbefalingane for mastergradsprogram er ofte meir spesifikke og detaljerte enn for doktorgradsprogram, og går i fleire ulike retningar. Det er derfor vanskeleg å gi ein samla oversikt over innhaldet i dei.

## **4 Spørjeundersøkinga**

### **4.1 Institusjonane si vurdering av kvalitet og relevans i anbefalingane:**

Det er institusjonane som eventuelt følgjer opp anbefalingane i praksis, og som dermed får erfaring med korleis dei fungerer med sikte på utvikling av kvaliteten. Derfor er det også institusjonane som har det beste grunnlaget for å vurdere kva kvalitet og relevans anbefalingane har. På grunnlag av institusjonane sine vurderingar er det gjort ei klassifisering av anbefalingane i fem kvalitetskategoriar:



**Tabell 2: Institusjonane sine vurderingar av kvalitet og relevans i anbefalingane<sup>1</sup>**

Akkrediteringstype	Akkrediteringar (Samla tal)	Særs god	God	Tilfredsstillande	Nokså tilfredsstillande	Dårlege eller irrelevante
Institusjon	12	2	2	7	1	0
Doktorgradsprogram	10	2	2	6	0	0
Mastergradsprogram	28	1	5	16	6	0
<b>Sum</b>	<b>50</b>	<b>5</b>	<b>9</b>	<b>29</b>	<b>7</b>	<b>0</b>

Det ein først kan merke seg, er at *ingen* institusjonar har vurdert at anbefalingane i “deira” akkrediteringsprosessar var dårlege eller ikkje relevante, og derfor ikkje vil vere til nokon nytte for utvikling av utdanningskvaliteten. For eit klart fleirtal av akkrediteringane gir institusjonane vurderinga “tilfredsstillande”, medan det er dobbelt så mange tilfelle av “god”/”særs god” som av “nokså tilfredsstillande”. I sistnemnde kategori har fleirtalet av akkrediteringane også fått positivt lada vurderingar (“verdfulle”; “nyttige”). Tilsvarande, der anbefalingane samla sett får bra eller god karakter av den mottakande institusjonen, finn ein også kritiske merknader til einssilde av anbefalingane, til dømes at dei “ikkje gir noko nytt”, “dette er kjent frå før”, eller at dei er dårleg tilpassa situasjonen, vanskelege å forstå eller for detaljerte. Alt i alt gir tilbakemeldingane inntrykk av at institusjonane vurderer dei anbefalingane dei får som positive.

Det ein vidare merker seg, er at seks av dei sju akkrediteringane der anbefalingane klassifiserast som svakare enn “tilfredsstillande”, gjeld mastergrad. Det er lett å tenke seg at dette har samanheng med at prosessane for mastergradsakkrediteringar er enklare, og utan fysiske møte mellom den sakkunnige komiteen og representantar for institusjonen/fagmiljøet. Sjansen aukar dermed for at institusjonen og den sakkunnige komiteen “ikkje forstår einannan”, og for at institusjonen vil hevde at vurderinga er gjort på grunnlag av mangelfull informasjon. Mellom dei negative kommentarane finn ein derfor også innvendingar om at komiteen har mistyda sider ved søknaden, at komiteen sitt grunnlag for rådgjeving blir for svakt, at komiteen legg for stor vekt på små detaljar, eller legg til grunn ei forståing av fagområdet og den aktuelle typen studietilbod som er for snever og konvensjonell, at talet på komitémedlemmar er for lågt, at nokre av anbefalingane er uaktuelle, og at ein saknar ein djupare dialog om sterke og svake sider ved søknaden og tilbodet. Meir om dette kjem fram i intervjuet med institusjonsrepresentantane, sjå nedanfor (kap. 5).

## **4.2 Institusjonane si oppfølging av faglege anbefalingar**

Institusjonane blei bedne om å svare på spørsmål om i kva grad dei har følgd opp dei faglege anbefalingane som dei fekk i samband med kvar einssild akkrediteringsprosess som dei har vore gjennom. Av dei i alt 50 akkrediteringsprosessane som var med i spørjeundersøkinga er det gitt tilbakemelding frå institusjonane for 44. Desse svara er systematisert og fordelt i Tabell 2 under kategoriane “Alle”, “Dei fleste” og “Nokre”. (Ikkje for nokon akkreditering er det svart at ingen av anbefalingane har blitt følgd opp.) Kategorien “Dei fleste” er definert som “meir enn halvparten av anbefalingane” og kategorien “Nokre” som “mindre enn halvparten av anbefalingane”. Svara frå institusjonane fordeler seg slik:

<sup>1</sup> NB: Klassifiseringa er gjort i etterhand av NOKUT, basert på institusjonane sine vurderingar i fri tekst.

**Tabell 3: Oppfølging av anbefalingar ved akkreditering**

Akkrediteringstype	Akkrediteringar (Samla tal)	Alle anbefalingar følgt opp	Dei fleste anbefalingar følgt opp	Nokre anbefalingar følgt opp
Institusjonsakkreditering til universitet	3	3		
Institusjonsakkreditering til vitskapleg høgskole	4	2	2	
Institusjonsakkreditering til høgskole	5	2	3	
Programakkreditering av doktorgradsprogram	10	7	3	
Programakkreditering av mastergradsprogram	22	12	6	4
<b>Sum</b>	<b>44</b>	<b>26</b>	<b>14</b>	<b>4</b>

Det er eit mønster i desse tilbakemeldingane at graden av oppfølging synest å ha samanheng med kor omfattande akkrediteringsavgjerda og akkrediteringsprosessen er. Ved alle universitetsakkrediteringane melder ein at alle anbefalingane har blitt følgt opp, med fallande oppfølgingsgrad for dei to andre institusjonskategoriane. Programakkrediteringar har lågare oppfølgingsgrad enn institusjonsakkrediteringar, og mykje lågare for mastergrad enn for doktorgrad. Berre for mastergrad finn ein døme (1/3-del av alle!) på at berre “nokre” av anbefalingane har blitt følgt opp. Dette reiser spørsmål om i kva grad dei sakkunnige komiteane sine anbefalingar ved akkreditering av mastergrad treff institusjonane sine reelle utviklingsbehov.

Det samla talet på faglege anbefalingar som spørjeundersøkinga omfattar, er 229. Av desse blir det meldt at 148 har blitt følgt opp i institusjonane, noko som gir ein oppfølgingsprosent på 65.

### 4.3 Institusjonane sine eigeninitierte oppfølgingstiltak

I spørjeundersøkinga inngikk det og eit spørsmål om “eigne initierte tiltak”. Svara på dette spørsmålet viser mange døme på at institusjonane ikkje berre tek stilling til korleis og i kva grad ein skal følgje opp dei sakkunnige sine anbefalingar, men at ein også – som følgje av læring i akkrediteringsprosessen – setter i verk andre utviklingstiltak enn dei som dei sakkunnige har anbefalt. Tilbakemeldingane om slike tiltak er her ordna under kategoriane “Utdanning”, “FoU”, “Evaluering” og “Strategi og organisasjon”. Frå dei 50 akkrediteringane kom det inn 40 tilbakemeldingar om i alt 43 eigeninitierte tiltak, som fordeler seg slik:

**Tabell 4: Eigne initierte utviklingstiltak etter akkrediteringskategori og innhaldstype:**

Akkrediteringskategori	Utdanning	FoU	Evaluering	Strategi & org.	Totalt
Institusjonsakkreditering	5	1	1	5	12
Doktorgradsakkreditering	3	2	3	1	9
Mastergradsakkreditering	19	1	1	1	22
<b>Sum</b>	<b>27</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>7</b>	<b>43</b>

Tilbakemeldingane tyder på at akkrediteringsprosessane ikkje berre fungerer som mekaniske og defensive “lydnadsøvingar” for institusjonane, men at dei også fører til vidare refleksjon kring

program- og institusjonsutvikling – som i sin tur resulterer i tiltak som institusjonane sjølve kjem fram til. Dette støttar opp under biletet av at institusjonane er – og har rett til å vere – kritiske når det gjeld å vurdere om dei sakkunnige sine anbefalingar er treffande og adekvate. Ein ser då også at dei fleste eigeninitierte tiltaka kjem innfor typen mastergradsakkreditering, der ein også har størst tendens til å sjå vekk frå komiteen sine einskildanbefalingar.

Det ein elles merker seg, er at langt dei fleste tiltaka blir sett inn innfor feltet “utdanning”, som er det ein kan vente når akkrediteringa gjeld utdanningskvalitet eller utdanningsfullmakter. Like naturleg er det at det er institusjonsakkrediteringane som fører til flest tiltak som gjeld strategi og organisering. At det setjast i verk eigeninitierte tiltak innfor kategorien “evaluering” for doktorgradsprogram kan reflektere at kvalitetssikringa av slike program ofte ikkje er optimal enno.

#### **4.4 Effekt av dei faglege anbefalingane for utvikling av kvaliteten**

Det overordna målet med denne studien er å få fram kunnskap om kor effektive dei tiltaka er som blir sette i verk på institusjonane på grunnlag av dei faglege anbefalingane, og dermed også om kor effektiv ordninga med anbefalingar i det heile er i samband med akkrediteringsprosessar. Igjen er det institusjonane sjølve som står nærast til å sjå korleis tiltaka verker i høve til utvikling av utdanningskvaliteten.

Det at institusjonane sine tilbakemeldingar om kvaliteten på anbefalingane gjennomgåande er gode, er ikkje det same som at dei fører til tiltak som er effektive etter intensjonen. Effektmåling mynta på kvalitetsutvikling er komplisert og ambisjonane for denne studien må bli svært moderate på dette området. Problema heng m.a. saman med at det er vanskeleg å gi kvalitetsomgrepet stringente og målbare definisjonskjenneteikn, samt at det kan vere vanskeleg å skilje effekten av det studerte tiltaket frå effektar av andre tiltak eller endringar av omstende som verkar inn.

Gjennomgangen av institusjonane sine tilbakemeldingar viser at dei kjenner godt til vanskaner med å vurdere effekt av verkemiddel. Dei har likevel freista å seie noko om effekten av tiltak som er baserte på til saman 41 akkrediteringar, og på grunnlag av desse vurderingane har vi gruppert tiltaka i fire kategoriar: “Særs god effekt”, “God effekt”, “Tilfredsstillande effekt” og “Nokså tilfredsstillande effekt”. Heller ikkje på dette spørsmålet kom det inn svar om “ingen eller negativ effekt”. Det må takast fleire atterhald her. Institusjonane gir i sine svar uttrykk for at det er vanskeleg å isolere effektar, og kategoriseringa – som NOKUT har gjort i etterhand – er basert på tolkingar av utsegner frå institusjonane i fri tekst. Vurderingane gjeld og samla for kvar einskild akkreditering, slik at vi ikkje veit noko om kor mange anbefalingar dei omfattar, eller kva for type anbefalingar som synest å gi best effekt. Vurderingane frå institusjonane deler seg i alle høve slik:

**Tabell 5: Institusjonanes sine vurderingar av effekt av tiltak basert på dei faglege anbefalingane**

Akkrediteringskategori	Akkrediteringar (Samla tal)	Særs god	God	Tilfredsstillande	Nokså tilfredsstillande
Institusjonsakkreditering, universitet	2	1	1		
Institusjonsakkreditering, vitenskapleg høgskole	2			2	
Institusjonsakkreditering, høgskole	7			5	2
Programakkreditering, doktorgradsprogram	7		2	4	1
Programakkreditering, mastergradsprogram	23		1	18	4
<b>Sum</b>	<b>41</b>	<b>1</b>	<b>4</b>	<b>29</b>	<b>7</b>

Fordelinga samsvarer godt med vurderingane som institusjonane gjorde av kvalitet og relevans i anbefalingane (3.1 ovanfor), sjølv om ein finn litt færre avvik frå vurderinga “tilfredsstillande” mot den positive sida av skalaen. Det er då heller ikkje urimeleg at gode anbefalingar gir gode effektar, og heller ikkje at gode effektar kan vere noko vanskelegare å få til enn gode råd. Vidare ser ein at effekten av tiltak i samband med institusjonsakkrediteringar for universitet får klart positive vurderingar, medan det er overvekt av negative avvik frå “tilfredsstillande” for institusjonsakkrediteringar for høgskole og programakkrediteringar for mastergrad. Av dei sju som kjem i kategorien “nokså tilfredsstillande” gir fire klart uttrykk for at dei finn det vanskeleg å vurdere effektar.

#### **4.5 Spreiing av gode tiltak og praksisar for kvalitetsutvikling**

I spørjeundersøkinga blei institusjonane spurde om dei hadde innspel til korleis gode tiltak og praksisar for kvalitetsutvikling av utdanningane kan spreia i sektoren. Det kom tilbakemeldingar om dette frå 10 institusjonar, som vi har samla i tre kategoriar: “NOKUT si rolle”, “Konkrete forslag” og “Kommentarar til NOKUT sin praksis”.

##### **NOKUT si rolle**

Dei aller fleste tilbakemeldingane peikar på at NOKUT kan utvide si rolle som rådgivar, både i separate fora og former og i samband med sjølve tilsynsprosessane. NOKUT kan både fungere som kunnskapssentral på feltet utdanningskvalitet og som koordinator og tilretteleggjar for kontakt i sektoren. I tilhøve til institusjonane skal NOKUT vere dialogpartnar og stimulator, men ikkje “autoritet”.

##### **Konkrete forslag**

Det kom inn mange ulike forslag, mellom anna:

- Auka satsing på mindre og meir spesialiserte seminar/konferansar/fora
- Auka satsing på anbefalingar i akkrediterings- og evalueringsrapportar, og korleis desse framstillast på ein klar og synleg måte
- Leggje til rette for fora der fagleg tilsette med ansvar for ulike typar program (til dømes doktorgradsprogram) kan møtast for å utveksle erfaringar
- Ta initiativ til eit nasjonalt nettverk for mastergradsutdanningar
- Skape metodar og verkty for å ta i bruk resultat frå utdanningsforskning i institusjonane
- Fungere som “kunnskapsbank” for institusjonane på feltet utdanningskvalitet, mellom anna om aktuelle faglege kontaktar og samarbeidspartnarar.

Om nokre av desse forslaga skal realiserast, må ein sjølvsgt vurdere i kva grad dei naturleg fell inn under NOKUT sitt aktivitetsområde, eller om dei er oppgåver som sektoren sine eigne fellesorgan og nettverk er best eigna til å ta seg av.

##### **Kommentarar til NOKUT sin praksis:**

Fleire av kommentarane inneheld ros til NOKUT som informasjonsaktør. NOKUT-konferansen blir nemnt særskilt. Fleire legg vekt på nytteverdien av å kunne lese sakkunnige rapportar med vurderingar av andre søknader og mange framhevar søkjarkursa til NOKUT som nyttige. At NOKUT

gjennomfører denne studien om faglege anbefalingar blir også oppfatta som eit positivt bidrag. Alt i alt er kommentarane positive, men det kjem og fram (jf. forslaga ovafor) at mange har ønskje om at NOKUT skal gjøre meir for kvalitetsutviklinga og at kompetansen i NOKUT bør utviklast vidare for dette formålet.

## 5 Samtalar med institusjonsrepresentantar om akkrediteringsprosessar og faglege anbefalingar

NOKUT inviterte sju høgskolar til samtalar om ein av deira gjennomførte akkrediteringsprosessar, slik at dei kunne gi synspunkt knytt til akkrediteringsprosessen og dei anbefalingane dei fekk. Grunnlaget for samtalen med kvar høgskole var altså ein spesifikk akkrediteringsprosess som institusjonen hadde vore gjennom i perioden 2003-2009, med positivt resultat. I samtalane, som tok om lag to timar, deltok mellom to til fem fagpersonar/leiarar frå den aktuelle institusjonen og to personar frå NOKUT.

Det primære formålet med samtalane var å gi institusjonane høve til å gi meir fyldige kommentarar til prosess og anbefalingar enn det som kunne kome fram i spørjeundersøkinga. Dei følgjande oppsummeringane frå samtalane er forma som uttrykk for institusjonsrepresentantane sitt syn. Det er institusjonane som “taler”. Derfor har dei og ei form som kan verke meir munnleg enn det som er vanleg i rapportar som denne. Vi tar atterhald for at det ikkje er mogleg å få fram alle dei synspunkta som kom til uttrykk på ein heilt presis og utfyllande måte. Institusjonane blir ikkje nemnt med namn.

### 5.1 *Institusjon 1: Akkreditering av mastergradsstudium*

Det var god kompetanse i komiteen. Vi visste om nokre svake sider ved studietilbodet på førehand, spesielt i den formelle kompetansen til fagmiljøet. Den faglege profilen stemte heller ikkje heilt med studiet sitt namn. Etter at dette også blei peika på frå komiteen, har miljøet arbeidd for å rette opp desse svake sidene.

Etter vårt syn var ikkje komiteen sine kommentarar heilt relevante på alle punkta, og dette blei kommentert i eit brev tilbake til NOKUT etter at vi fekk rapporten. Det hadde nok hjulpet om komiteen hadde kunne kome og besøke institusjonen, og det var eigentleg eit slikt behov for diskusjon og tilbakemelding som låg bak det brevet som vi sendte til NOKUT i etterkant. Eit par døme på tema som ville ha blitt klarare opplyst gjennom ein dialog mellom komiteen og studietilbodet, er innplasseringa av metodekurset i studieprogresjonen og FoU-arbeid innafor fagområdet til studiet. Når det gjeld metodekurset, kunne vi ha fått formidla at metodeundervisinga eigentleg går heilt frå starten, men at dette ikkje kom tydeleg fram i studieplanen.

FoU-arbeid innafor fagområdet til studiet blei eit vanskeleg punkt. Komiteen og fagmiljøet forsto neppe kvarandre heilt og det blei derfor nokre mindre mistydingar i rapporten. Ein samtale kring desse spørsmåla med komiteen ville kunne ha gjort saksforholda klarare, og gjort det lettare å finne oppfølgingstiltak.

Hovudinnvendingane frå komiteen var – og er – fagmiljøet heilt samde i. Dei fleste av desse svake sidene var noko ein var klar over før dei blei vurdert av komiteen. Det var heller ingen anbefalingar

som var misforståtte eller malplasserte. Men det var altså enkelte skjemmande detaljar som kunne vore snakka om og rydda av vegen. Blant anna hadde komiteen ein merknad om pensum, der dei peikte på at litteraturlista i studiet var noko skeiv. Til ei viss grad var det nok også slik, men i vurderingane frå komiteen kom det også fram nokre kjepphestar frå komitémedlemmane. Til dømes verka den vekta som komiteen la på fransk og tysk faglitteratur noko søkt for oss, då litteraturtilfanget eigentleg var tilstrekkeleg internasjonalt orientert. Kan hende reflekterte kommentaren like mykje ein av dei sakkunnige sitt eige spesialområde. Ei anna sak er at faggruppa rundt tilbodet i ettertid følgde opp også anbefalinga om sterkare innslag av oppdatert forskning på feltet i Frankrike og Tyskland, og at denne litteraturen i dag set eit tydeleg preg på stofftilfanget.

Fagmiljøet hadde mykje seminar- og dialogverksemd før og under utviklinga av studietilbodet. Det var også mykje internasjonal kontakt. Det går føre seg mykje utviklingsorientert samarbeid mellom fagmiljøa, slik at om komiteen hadde vitja oss, kunne det ha blitt ein givande dialog om tema som blir drøfta i desse samanhengane.

Rådgivingsfunksjonen bør ikkje takast ut av akkrediteringsprosessen. På den andre sida: Fagmiljøet på institusjonen ville nok ha sett i verk mange av dei same tiltaka som dei no gjorde, også utan akkrediteringsrapporten og anbefalingane. Men som eitt (av fleire) innspel og læringspunkt var det verdifullt. Og her får institusjonen gratis hjelp til utviklingstiltak i og med at NOKUT finansierer akkrediteringsprosessen. Ein hadde gjerne ønska meir ressursar frå NOKUT si side til vidare kvalitetsutvikling, men ser at det er institusjonen som har ansvar for utviklinga. Anbefalingar frå komiteen ut over krava til akkreditering har i alle høve ein klar verdi, og er noko ein alltid ønskjer å få tilbake frå prosessen.

Det viktigaste er likevel å få ei rett avgjerd frå komiteen. Også for dette føremålet vil ein kontakt andlet til andlet med komiteen kunne vore til nytte, slik at ein kan vere viss på at komiteen si forståing av viktige forhold er rett.

## **5.2 Institusjon 2: Akkreditering av doktorgradsstudium**

Institusjonen søkte først om doktorgradsstudium under ein tittel som blei oppfatta som ikkje heilt dekkjande (for smal) for innhaldet, og endra deretter tittelen. Det er uklart om tilbodet kunne ha blitt godkjent innafor det snevrare området. Den første fasen med tilbakemeldingar frå komiteen, der dei gav negativ vurdering av studiet under den første tittelen, ga viktige avklaringar kring definering av satsingsområdet, forståing av formelle kompetansekrav, osb. Denne prosessen med komiteen tvang fram ei ny gjennomtenking, og deretter ei ny orientering frå institusjonen si side. Komiteen var tydeleg i sine krav/utfordringar, og dette var nyttig for institusjonen.

Dette at komiteen gir anbefalingar ut over det som er naudsynt for å oppnå akkreditering, er ein god praksis, og spesielt nyttig for mindre/nyare institusjonar. Det gjer at desse institusjonane og deira fagmiljø stiller meir på line med dei etablerte og erfarne, og skaper dermed likebehandling. Samstundes stimulerer det til kvalitetsdebatt. Men komiteen kunne i vårt tilfelle gjerne ha gått ein del lenger i å gi råd, spesielt på området pedagogisk opplegg og struktur i tilbodet. Og ein kunne ha gitt råd om korleis ein må/bør arrangere doktorgradskurs og delta i kursnettverk for stipendiatar.

I nokon grad overraska komiteen fagfolka på institusjonen med sin høge grad av konkretisering og detaljorientering i problemstillingar og anbefalingar. Mellom anna gjekk komiteen svært detaljert inn i problematikk rundt doktorgradskurs, noko som knapt nokon gong blir problematisert ved universiteta. Komiteen var nok redd for at ein her kunne late nokre dører stå opne, slik at søkjaren kanskje kunne ta snarvegane. Trass alt var dette det første doktorgradstilbodet på dette fagområdet utanfor universiteta. Men ut over dette har vi ikkje kritiske kommentarar til anbefalingane, som var konstruktive og nyttige.

Når det gjeld oppfølginga av anbefalingane til komiteen, delegerte dekanatet det operative arbeidet med å utarbeide planar og tiltak for vidare utvikling til fagutvalet for doktorgraden. Her ligg det potensielle farar ved den heilskaplege leiarsstrukturen som no er vanleg ved institusjonane, der leiinga kan overstyre det faglege miljøet. Dette kan gjelde tilsettingar, opptak til program, nødvendig fagleg forankring, osv. Eit anna problem kan liggje i nedprioritering av doktorgradskurs til føremon for satsing på bachelorgradsprogramma, som med rimeleg innsats kan gi stor studiepoengutteljing. Institusjonen kom likevel ikkje i ein slik situasjon med “overstyring”, og fagmiljøet og leiinga samarbeida godt om oppgåvene.

NOKUT kunne gjerne ha hatt ein sterkare rolle i styringa av korleis oppfølgings- og vidareutviklingsarbeidet burde gå føre seg, gjerne i samspel med dei nasjonale fagråda. Dette kunne ha gitt bidrag til å skape betre prosessar, og ein ville unngå faren for uheilage alliansar og taktiske disposisjonar når det skal allokere ressursar til ulike tiltak. Men ein innser at ein her er inne på institusjonen sitt eige ansvarsområde.

Bruk av fagfellevurdering er avgjerande viktig. Det sikrar dialog, skjønn og fagleg vurdering og er til stor hjelp for det søkande fagmiljøet. Komiteen ved søknader om rett til å gi doktorgradsprogram kjem i ein god posisjon til å kunne gi utviklingsråd ut frå dei faglege diskusjonane som blir ført i institusjonsbesøket, i motsetnad til prosedyren ved mastergradsakkrediteringar, der det ikkje er institusjonsbesøk.

Men NOKUT kunne gjerne også ha hatt ein oppfølgingsfunksjon, som kunne spele dialogen mellom fagmiljø og komité inn i prosessen igjen, for å vurdere korleis utviklinga er – og korleis den kunne vere. Og om ikkje ei direkte kontrollerande oppfølgingsrolle, så i alle fall i rolle der ein skaper ein arena for erfaringsutvekslingar og dialogar andlet til andlet med NOKUT og fagfellar.

### **5.3 Institusjon 3: Akkreditering av mastergradsstudium**

Høgskolen fekk fyldig tilbakemelding frå komiteen. I denne tilbakemeldinga var det også mange detaljar som syntes å gjelde institusjonens sitt kvalitetssikringssystem meir enn sjølve mastergradsstudiet sitt nivå og kapasitet. I det heile verka mange innspel og anbefalingar for detaljerte og for små i høve til føremålet med prosessen, men det var også mange anbefalingar og spørsmål som ein hadde stor nytte av å diskutere vidare.

Slike bedømmingskomitear kan stå i fare for å bli litt for personavhengige, og spesielt når dei er så små (to – tre personar) som ved mastergradsakkrediteringar. Komitémedlemmene sine spesielle interesser og preferansar kan kome til å farge vurderingane i for sterk grad. Fagmiljøet ved denne høgskulen fekk eit inntrykk av at det låg ein mal (ikkje uttalt) hos komiteen, basert på ordningar i

eigen høgskule, og at denne malen ikkje heilt stemte overeins med den tverrfaglege modellen som det ble lagt opp til i dette studietilbodet. Det blei ein del negative reaksjonar frå vår side over at komiteen ikkje gikk inn på det overordna, motiverande grunnlaget for tilbodet, men meir hengte seg opp i detaljar som vi ikkje vurderte som spesielt sentrale. Nokre av dei råda som vi fekk blei difor opplevd som litt uaktuelle, mens vi sakna djupare vurderingar av andre viktige sider ved tilbodet, som frå vår side var gjennomtenkt og grunngeve på førehand. Det var også noko irritasjon over ein del formalistiske påpeikingar som verka i overkant formynderiske. I vår institusjon hadde vi gjerne sett ei drøfting frå komiteen si side av dei meir innovative sidene ved studietilbodet.

Komiteen gav ein god del konstruktive anbefalingar/kommentarar som seinare har vore til hjelp i utviklinga av studiet. Mellom anna blei det ein givande debatt internt om målformuleringane, der komiteen peika i retning av det noverande læringsutbytttemålet, mens vi i utgangspunktet hadde halde på ein tradisjonell definisjon av studiemål. Her var det faktisk ei konstruktiv usemje, som var nyttig ved at ho stimulerte til debatt og påverka vårt vidare arbeid med utforming av mål for studiet.

Vi hadde ei kjensle av at komiteen såg på oppgåva si som å skulle utføre kontroll ut frå ei stringent ramme, utan å ta særleg omsyn til utviklingsperspektivet, som føreset eit viss ope og friviljug grunnlag til å tenke ut over det gjengse. Det er klart at akkreditering inneber kontroll i høve til ein gitt standard, men denne standarden blei opplevd av oss som noko snever, ved at han også omfatta eit fagsyn om korleis eit tilbod som vårt bør vere. Kanskje er det i dag for mange mastergradsstudium på dette feltet i Noreg, og dei er nokså like. Om dei alle skal eksistere vidare, er det difor eit stort poeng at desse utdanningane bør bli profilerte i ulike retningar. Her oppfatta institusjonsmiljøet komiteens syn som heller statisk. Komiteen var til dømes opptatt av balansen mellom dei to hovuddelane av faget (slik dei såg det), noko fagmiljøet ikkje oppfatta som særleg konstruktivt, ikkje minst i høve til å utvikle ein særegen profil.

Eit anna punkt der vi ikkje var samde med komiteen si vurdering hadde å gjere med grense for inntaksnivå til studiet. Vi hadde innført eit krav om at studentane må ha minst C på innleiande delar, og dette fekk motbør frå komiteen, på formelt grunnlag. Vi har likevel stått på vårt i fortsettinga. Vi meiner det er det rette og at det har gagna studiet.

Vi hadde nokså høg sjølvkjensle om kva vi ville med studietilbodet og kva vi sto for, og kunne stå i mot ein komité som vi såg på som litt tilfeldig samansett, og som vi meinte ikkje hadde full forståing av intensjonane med studiet. Det kunne difor ha vore stimulerande med eit møte mellom komiteen og det søkande fagmiljøet. Eit fysisk møte der komiteen stiller konstruktive spørsmål og opnar for dialog ville vere utviklingsdrivande. Studieplanar er kompakte dokument, og det ligg mykje implisitt tenking og kunnskap bak formuleringane. Ei meir spørjande haldning frå komiteen si side ville utfordre og inspirere på ein betre måte.

Internt hadde vi nok litt ulike synspunkt på spørsmålet om komiteen berre skulle vurdere om studietilbode tilfredsstilte akkrediteringskrava, eller om dei også skulle gi anbefalingar ut over dette. Ein liten komité, med dei gitte rammene for arbeidet sitt, har noko svakt grunnlag for å gi gode anbefalingar, men vi innser også at vi fekk ein del råd og anbefalingar som var konstruktive og nyttige.



Det er eit viktig prinsipp at Institusjonen/fagmiljøet må kunne vurdere råda og velje ut dei som ein meiner er konstruktive. Vi meiner vi har kompetanse nok til å stole på eiga dømekraft. Difor avgjer vi sjølve om vi tar omsyn til eit gitt råd, ut frå vår måte å tenke på og våre intensjonar. I sjølve akkrediteringsprosessen ligg det eit slags press til lydigheit, eller til servilitet, om ein vil. Redsla for at ein skal miste akkreditering, eller få svakt omdøme ligg der. I vårt tilfelle gav vi nok nokre lydige tilbakemeldingar om at vi tok enkelte anbefalingar *ad notam*, utan at desse seinare blei følgde opp.

NOKUT burde kunne ta eit ansvar for å ha oversyn over behov for ulike kategoriar utdanningar, i og med at eit overskot av like utdanningstilbod lett kan underminere grunnlaget for dei, med kvalitetsproblem til følgje, fordi rekrutteringsgrunnlaget sviktar. Fagmiljøet har positive forventingar til kva dei nye SFU'ane kan få for effekt når det gjeld å stimulere til og kommunisere kring kvalitetsutvikling.

#### **5.4 Institusjon 4: Akkreditering av mastergradsstudium**

Studiet fikk god omtale av komiteen. Anbefalingane gjekk på mindre ting: Noko på undervisings- og vurderingsformer, noko på rutinar for interne evalueringar og kvalitetssikring. På eit punkt blei vi anbefalt å heve det faglege nivået. Det galt eit metodekurs i ein av modulane.

Dei studieansvarlege var overraska og noko skuffa over val av sakkunnige i komiteen. Studiet var utforma etter ein internasjonal modell, sidan det var det første tilbodet på dette fagområdet i Norge. Vi hadde venta ein komité med britisk innslag og søknaden var på engelsk.

Anbefalinga om heving av nivået i metodekurset var relevant, og har blitt følgt opp. Grunnen til at det opphavleg blei lagt på det nivået som var gitt i søknaden, var at eit meir avansert innhald blei oppfatta som for teoretisk krevjande for ein del av dei aktuelle søkerane. Fleire av desse kjem frå fagmiljø som ikkje har akademisk bakgrunn, sidan forkurset også fungerer som vidareutdanning for desse.

Dei studieansvarlege var skeptiske til at ein av dei sakkunnige var ein norsk ekspert frå eit tilgrensande (og konkurrerende) fagområde. Dette på bakgrunn av at representantar frå dette fagområdet tidlegare har vist seg lite positive til andre utdanningstilbod innafor same området, truleg av redsle for at nokon skal trø i deira bed. Ein har døme på at ein liknande situasjon har oppstått i samband med ein annan komité innafor eit anna fagfelt. I det tilfellet gjorde høgskolen ein merknad til NOKUT om komitésamansettinga, og fikk medhald. Når det gjaldt denne aktuelle søknaden, valde ein å ikkje kome med merknad.

Sjølv om anbefalinga om nivåheving av metodekurset var heilt rimeleg, verkar krava til nivå i metodedelen for mastergradsstudium uklare. Dette gjeld særleg avgrensinga i høve til metodedel i doktorgradsprogram. Desse to nivåa burde vere klårare avpassa/avgrensa i forhold til einannan. Krava til mastergrad kan lett bli for strenge, då ein ikkje tenker på at det kjem ein doktorgrad oppå mastergraden. Ein ser likevel at det kan vere vanskeleg å gi presise retningsliner som gjeld for alle fag og tilbod, og at det må bli opp til dei sakkunnige å vite kva som er rimelege tolkingar av krava i kvart enkelt tilfelle. I dette tilfellet, i samsvar med vår faste rutine ved utarbeiding av nye tilbod for akkreditering, arrangerte institusjonen ei intern prøveakkreditering. Den ga ei vurdering om at

metodekurset låg for høgt i nivå, og blei i samsvar med dette justert ned. Men så fekk ein altså motsett melding frå akkrediteringskomiteen.

Spørsmålet om "vesentlege endringar" i fagplanar kan vere vanskeleg å forstå. Høgskulen har no gode erfaringar med å vende seg til NOKUT før søknad eventuelt blir sendt for å få spørsmålet om behov for ny søknad avklart i det enkelte tilfelle. NOKUT har i dei seinare åra blitt meir serviceinnstilte med å gi hjelpande råd i prosessane. Prosessane hadde likevel blitt enda betre om det hadde vore høve til eit fysisk møte med komiteen, men dette er sjølvstøtt eit ressurs spørsmål.

Når det gjeld anbefalinga om at kvalitetssikringa av studiet burde styrkast, meldte ein tilbake at ein rett og slett følgde høgskulen sitt sentralt vedtekne kvalitetssikringssystem, som på dette tidspunktet ennå ikkje var evaluert og godkjent av NOKUT. Den seinare kvalitetssikringa av studiet meiner vi er tilfredsstillande. Høgskulen gjer grundig arbeid med interne gjennomgangar av studietilboda og rullerande fagevalueringar.

Ein ville truleg ha fått mange fleire faglege anbefalingar om betringar og vidareutvikling dersom ein hadde hatt ein britisk/amerikansk komité. Den nasjonale komiteen hadde ikkje nok spesifikt fagleg innsyn i dei ulike elementa i dette tverrfaglege studietilbodet, og anbefalingane blei deretter: Dei handla mest av alt om systemnivået og var relativt lite faglege. Men anbefalingane var for så vidt greie og uproblematisk for høgskulen.

Då det blei vurdert om ein skulle klage på samansettinga av komiteen, gjorde institusjonen ei risikovurdering. Det viktigaste var å sikre at studiet kom i gang utan unødig forseinking og ein kjende seg nokså viss på å oppnå akkreditering likevel. Difor gjorde ein ikkje noko som kunne utsette eller forlenge prosessen. Dette med å få gode faglege anbefalingar for vidareutvikling var ikkje det viktigaste i denne fasa, og ein rekna med at slike råd kunne hentast ein annan stad.

Høgskulen følgde opp alle anbefalingane til punkt og prikke. Vi oppfatta dei nærmast som pålegg. Men råda var i alle fall konstruktive og greie, og heile prosessen var OK.

## **5.5 Institusjon 5: Institusjonsakkreditering**

Høgskolen sin organisasjon har nyleg gjennomgått betydelege prosessar med rydding og systematisering i den faglege porteføljen. Det var eit så sterkt behov for dette at det nok hadde kome i alle fall, men i stor grad kom det også som eit resultat av akkrediteringsprosessen, som saman med anbefalingane frå komiteen gav retning til prosessane og verka som ei sterk legitimering internt i institusjonen for å sette prosessane i gang. På denne måten var akkrediteringa svært nyttig.

Føre akkrediteringa var det ein del "støy" i kommunikasjonen mellom NOKUT og høgskolen. Spørsmålet om vitenskapleg versus verdibasert kunnskap var ein underliggjande årsak, med referanse også til liknande prosessar ved andre institusjonar. Internt var det også mange som var skeptiske til prosessen. Dåverande rektor skreiv mellom anna eit skarpt brev til NOKUT om grunnlaget for akkrediteringa. Etter kvart falt dette likevel fint til ro og akkrediteringsprosessen gikk på ein god måte, med konstruktive møte med den sakkunnige komiteen. Komitémedlemene blei gode "utviklingskonsulentar" for høgskolen, noko som viser at kompetent rådgiving utanfrå er nyttig og

viktig. Det som kunne ha vore betre, var NOKUTs rettleiing for prosessen. Men her så vi i seinare akkrediteringssøknader at slik søkarrettleiing no er blitt mykje betre.

Høgskolen fekk gode råd og anbefalingar frå komiteen. Ikkje minst var dei tilstrekkeleg konkrete, slik at det blei lettare å sette i gang oppfølgingstiltak. Høgskolen har sett i verk oppfølging i forhold til alle anbefalingane.

Anbefaling om samordning av plansystem og budsjett har blitt følgd opp som eit viktig prosjekt etter akkrediteringa. Strategiplan, forskingsplan, internasjonaliseringsplan og kvalitetssikringssystem har blitt modernisert, samordna og knytt opp mot budsjettprosessen. Arbeidet med desse styringsdokumenta held enno fram i ein kontinuerleg prosess, og ein er enno ikkje i mål med arbeidet. Samordninga av dokumenta har gjort planprosessane meir rasjonelle, sidan planane no ikkje så mykje er uttrykk for idealistisk ønsketenkning, men heile tida blir underkasta behov for realisme og klargjering av prioriteringar innafor det aktuelle handlingsrommet.

Når det gjeld anbefalinga om større merksemd omkring høgskolen sitt samfunnsansvar, så meiner ein at ein no i større grad ser eigen høgskole som ein del av det store bildet innafor høgare utdanning, og mindre som ein nisjeinstitusjon, eller eit supplement. Utviding av porteføljen og total vekst etter 2005 viser også dette.

Høgskolen fekk også ei anbefaling om at kvalitetssikringssystemet i større grad burde vere basert på evidensbasert kunnskap. Høgskolen måtte i alle fall overhale kvalitetssikringssystemet i samband med ein pågåande fusjonsprosess og vi meiner at vi i dette arbeidet i stor grad har følgt opp komiteens anbefaling. Systemet er blitt reelt meir transparent og informativt om kvalitetstilstanden i dei enkelte studietilboda.

Kanskje aller viktigast – og nyttigast – var anbefalingane på område som rører ved forskning, spreiding av FoU-arbeidet og det faglege personalet si kompetanseutvikling. Her har høgskolen gjennomgått store endringsprosessar, som hadde vore mykje vanskelegare å presse gjennom internt dersom ein ikkje hadde hatt støtte og legitimering i akkrediteringsprosessen og anbefalingane. Den gamle forskningseininga blei brote opp og ansvaret for FoU blei lagt til avdelingane. Utviklinga viser at dette var rette endringar. Det er no langt fleire som forskar eller driv utviklingsarbeid. Publiseringa har auka, og nye fagtilsette blir involverte på ein måte som også gjer at forskinga blir knytt mykje nærare til utdanningane. Avdelingane responderer noko ulikt på den nye måten å gjere det på, men alt i alt er dette ein dynamisk prosess som gir stor framgang og monaleg kompetanseheving i personalet. Det oppstår nokre nye spenningar som følgje av ei noko meir konkurransebasert prioritering av FoU-midlar, men ein føler at dette er ein betre situasjon, også for arbeidsmiljøet, enn det ein hadde tidligare, der nokre få forskarar – i kraft av sin posisjon – stor sett fekk det som var av forskingsmidlar.

NOKUT slår inn i institusjonane på ein tung måte. NOKUTs prosessar blir tatt på stort alvor og har høg grad av legitimitet. Dermed blir resultatane nyttige reiskapar for forbetningsarbeid innover i institusjonen. I det heile fekk vi gode og konstruktive anbefalingar, og har lagt mykje arbeid i å følgje opp alle saman.

Prosesen i ei institusjonsakkreditering er grundig og gir stor direkte kontaktflate mellom komiteen og institusjonen. Derfor er han også nyttig for institusjonen. Dette kan bli opplevd noko annleis ved akkreditering av mastergradstilbod, der erfaringane våre er meir blanda. Ein ser gjerne at kontakten mellom NOKUT/komiteen og institusjonen blir betre ved mastergradsakkrediteringar.

## **5.6 Institusjon 6: Akkreditering av doktorgradsprogram**

Institusjonen vurderer no å ta denne akkrediteringa (frå 2008) vidare til ein ny prosess, med nytt akkrediteringsvedtak, og vi er usikre på føresetnadene for at dette skal kunne skje. Vi er opptatt av å verne oppbygginga av kva vi sjølv meiner er eit nasjonalt leiande miljø i fagområdet, utvikla i denne institusjonen. Når vi no ønskjer å søke ny doktorgradsrett innfor same fagområde, men med ein breiare profil, tenker vi oss ein forenkla akkrediteringsprosess, der det området som allereie er gitt doktorgradsrett blir utvida, slik at både dette spesifikke doktorgradsdiplomet som ein alt har og eit nytt diplom innanfor det breiare fagområdet kan bli tatt vare på innfor same doktorgradsprogram. Dette kan ha stor innverknad på rekrutteringa. Høgskulen er interessert i kontakt med NOKUT for avklaring om kva for type prosess dette vil krevje.

Akkrediteringa av doktorgradsstudiet i 2008 ser høgskolen på som ein rettvis og open prosess. Det var ein god dialog mellom NOKUT, dei sakkunnige og fagmiljøet. Vi var konservative i måten vi forma søknaden på: Ein såg nøye på kva universiteta hadde gjort i tilgrensande fagområde, slik at vi var sikre på at vi ikkje ville trø utanfor. Vi har også i etterkant vore svært opptatt av å halde oss strengt innanfor det innhaldsområdet som akkrediteringa omfatta, for ikkje å bli sett på som at vi bruker akkrediteringa til å ta oss til rette, med det som nokre ville sjå på som eit tynt fagleg miljø. Seinare har miljøet utvikla seg ganske mykje, og nyutviklingar innfor fagområdet har det blitt. Rekruttering på lærarsida og stipendiatsida har vore tilfredsstillande.

Ei utfordring for studiet er rekruttering frå utlandet, særleg frå søkarar med mastergrad frå engelsktalande land, som er ei viktig søkarkjelde. Høgskolen har godt omdøme på dette fagområdet og eit godt internasjonalt nettverk. Vi trekker til oss mellom anna fleire sjølvfinansierte studentar frå arabiske land. Problemet er at desse, og andre med utdanning frå f. eks. Storbritannia eller Australia, ofte har ein eittårig master, som vanlegvis ikkje blir akseptert som grunnlag for opptak på doktorgradsprogram i Noreg. Eit aktuelt spørsmål for høgskulen er difor om slike internasjonale masterkandidatar, som har mindre breidde enn norske kandidatar, men derimot fagleg djupne og spesialisering som er vel så avansert, kan bli tatt opp på doktorgradsprogram utan eit ekstra år med generelle breiddestudium. Dersom ekstra år med 60 studiepoeng er kravet, vil ein truleg miste denne rekrutteringskjelda, og ein taper i internasjonalisering. Spørsmålet er også om eventuelle manglar kan bli dekt i sjølv programmet, som tilleggskurs. Denne diskusjonen ønskjer høgskulen å ta opp med NOKUT. Vi finn ikkje nokon klar forskriftstekst for dette problemet. Ein dialog med NOKUT vil kunne avklare om ein søknad som til dels er basert på rekruttering frå fireårig (angloamerikansk) master vil kunne passere. Ein ønskjer ikkje å legge ein masse arbeid ned i ein søknad som ein ikkje kan kome nokon veg med. Slike tellekantformalitetar (ECTS), som ikkje reflekterer reelt og relevant inntaksnivå til programmet, bør ikkje vere avgjerande for opptak til doktorgradsutdanningar.

Høgskolen har få kommentarar til sjølv akkrediteringsprosessen i 2008. Prosessen blei vurdert som svært god. Høgskolen ser at NOKUT brukte ein ekspertkomité som var kompetent både til å tolke

terskelkrava på ein rimeleg måte, og også til å sjå vidare og ut over terskelstandarden. Sidan det var nokså opplagt at programmet ville bestå testen, kunne prosessen til dels bli utviklingsorientert. Det gjaldt til dømes spørsmålet om vidareutvikling av fagleg kompetanse. I fagmiljøet meiner ein å vite om andre akkrediteringsprosessar som har vore meir nærsynt opptatt av reglar og standardarar. Eit råd til NOKUT er å vere nøye med at komiteen har ein kompetanse som følgjer profilen til det programmet ein søker akkreditering for. Det er viktig at NOKUT sine prosessar skjer med vidsyn nok til å opne for ulikt innretta miljø innanfor same fagområde, kvar med sin distinkte profil, slik at ein ikkje berre slavisk kopierer dei største og mest kjende miljøa, som dei ein finn ved universitet. NOKUT må ha kunnskap om omgrepsbruk innafor faget, og ikkje minst ulikskap i omgrepsbruk mellom ulike land. Slik kan ein fange opp det eigentlege formålet bak den profilbygginga som institusjonen prøver med det nye programmet.

Anbefalingane var generelt gode og konstruktive, og dei har blitt tatt grundig med i prosessen med vidareutvikling av programmet. Mellom anna førte anbefalingane til ein fruktbar debatt internt om målformuleringane for studietilbodet, der komiteen hadde peika i retning av læringsutbytte mål, medan institusjonen opererte med ei tradisjonell definering av studiemål. Her oppstod det ei konstruktiv usemje som stimulerte til refleksjon og debatt. Liknande konstruktiv usemje var det om inntaksnivået til studiet.

### **5.7 Institusjon 7: Akkreditering av doktorgradsprogram**

Etter at vi sendte inn søknaden om godkjenning av programmet, overraska det oss at NOKUT tok kontakt for å spørje om råd om kven som burde sitte i komiteen. Vi reagerte på at NOKUT verka å ha lite kunnskap om dette feltet på førehand og spurde oss om dette kan vere måten å skaffe uhilda komitear på. Fagmiljøet hadde likevel ingen faglege innvendingar mot den komiteen vi fekk og etter vår oppfatning gjorde han godt arbeid.

Komiteen sitt institusjonsbesøk på høgskolen var i det store og heile positivt. Det blir alltid litt spel rundt slike besøk, men møtet der komiteen intervjuar representantar for doktorgradsprogrammet blei opplevd som konstruktivt, sjølv om det også hadde eit visst preg av å vere ein forhørssituasjon. Dei fleste av komitémedlemmene var kjente for miljøet på førehand, i eit lite land som Norge er, og fagleg heilt akseptable. Men det var tydeleg i intervjuet korleis fleire av dei kjørte nokre kjepphestar, og ein kan også sjå korleis desse særinteressene nedfelte seg i rapporten. Ein fann det også noko merkeleg at sekretæranne for komiteane (både i denne og i ein annan prosess med akkreditering av doktorgradstilbod) var rekrutterte eksternt, og ein undra seg om dette kan vere ein måte å skape kontinuitet og kunnskapsbevaring på i NOKUT. Om ein ser på ein annan søknad frå høgskulen, finn ein at NOKUT sette saman ein reint norsk komité, sjølv om tilbodet ikkje låg innafor noko etablert forskingsområde i Norge. Området er mykje meir etablert i Sverige og Danmark, og vi finn det noko merkeleg at ein ikkje hadde med representant(ar) i komiteen frå i alle høve eitt av desse landa. Vurderinga vår er likevel at begge komiteane var fullt kompetente.

Sjølve programkonstruksjonen for doktorgrad i dette fagområdet blei eit problematisk punkt, i og med at programmet i utgangspunktet skulle byggje på fleire ulike mastergradstilbod i ulike avdelingar ved høgskolen. Etter vårt syn gikk ikkje kvart einskilt av desse direkte nok inn i doktorgradsprogrammet sitt område. Vi fekk difor ei anbefaling om også å utvikle eit

mastergradsprogram som meir direkte førebudde doktorgradsprogrammet, men dette blei ikkje vurdert som hensiktsmessig frå fagmiljøet si side.

Det viser seg i ettertid at å frikople programmet i høve til høgskolen sine eigne tilgrensande mastergradstilbod har vore ei rett avgjerd. Programmet har hatt god rekruttering, og rekrutteringa er større utanfrå enn frå dei interne mastergradsprogramma som doktorgraden presumptivt skulle byggje på. Programmet jamstiller eksterne søkarar med søkarar frå eigen institusjon, og profilen med at interne mastergradsutdanningar skulle fungere som fundament for doktorgraden ser vi meir på som ein konstruksjon som var tilpassa NOKUT sine krav til akkrediteringa, slik høgskolen oppfatta dei.

Fagmiljøet la mykje arbeid og tanke i utforminga av søknaden. Ein prøvde å finne ei eiga line, utan å følge malen for slavisk. Ikkje alle var like nøgde med søknadsmalen til NOKUT slik han låg føre på det tidspunktet; han kunne verke utydeleg og ikkje heilt i samsvar med vanleg kutyme for liknande typar søknader i akademia.

Dei anbefalingane vi fekk var i det heile verken urimelege eller usaklege, men ei av dei – om kvalitetssikringssystemet – møtte mykje motstand, sjølv om ho blei til dels følgt opp. Ein var samd i at kvalitetssikringsprosessane ikkje fungerte særleg godt og det blei gjort ei tydelegare kopling til institusjonen sitt system og til dei som arbeider meir systematisk med dette. Men i fagmiljøet er det jamt over nokså stor skepsis til måten interne kvalitetssikringssystem fungerer på, ikkje berre internt i denne institusjonen, men slik heile ordninga fungerer nasjonalt.

Anbefalingane gikk elles på større forhold som var samansette, og der ein blei beden om å tenke igjennom eller reflektere over visse tilhøve. Klare og eintydige svar ville det ikkje i noko høve finnast på desse komplekse områda, der det nye doktorgradsprogrammet i stor grad pløgde ny mark. Som innspel til refleksjon og diskusjon var desse anbefalingane nyttige og fornuftige, og blei då også følgt opp av dei som var programansvarlege. Dei har opplagt påverka dei vidare utviklingsprosessane i programmet, men sidan anbefalingane var noko generelt og uforpliktande formulert, er det heller ikkje lett å peike på heilt konkrete tiltak som dei førte til.

Nett som fagmiljøet var det, var også komiteen skeptisk til at rekruttering i hovudsak skulle drivast fram frå dei interne mastergradsprogramma som doktorgraden presumptivt skulle byggje på. Når komiteen gav uttrykk for at denne koplinga var heller tvilsam, råka anbefalinga på dette punktet fagmiljøet mykje mindre enn institusjonsleiinga. Koplinga til dei interne mastergradsprogramma var ikkje fagmiljøet sin idé, men noko som institusjonen ønska og som det måtte visast til i søknaden, ikkje berre for å stå sterkare i høve til akkrediteringskrava, men like mykje for at satsinga skulle ha tilfredsstillande intern legitimitet i høgskolen. Fagmiljøet rundt doktorgradsprogrammet har ikkje ville gi prioritet til interne søkarar eller til prosjekt frå tilgrensande interne fagmiljø (det har mellom anna vore forslag om kvotering). Vi har ønska å rekruttere dei beste. Hadde vi basert oss på intern rekruttering, hadde det ikkje gått så bra. Men på grunn av dette har programmet og fagmiljøet til dels blitt sett på som noko elitistisk internt i høgskolen.

Komiteen si anbefaling på dette punktet var altså både djerv og nyttig. Fagmiljøet – og doktorgradsprogrammet – har i dag svak fagleg kopling til institusjonen sitt byggverk av mastergradsutdanningar og dei ulike avdelingane ved høgskolen, og det er ingen formelle

organisatoriske ledd som knyter dei saman heller. Initiativa til forskingsprosjekt på dette området kjem då heller ikkje frå dei andre avdelingane sine fagmiljø i særleg grad, men mest frå fagmiljøet sjølv – eller dei kjem frå eit nettverk som etablerast ut over institusjonen, dvs. kontakt med enkeltforskarar i andre institusjonar og land. Dei andre avdelingane sine fagmiljø verkar heller ikkje svært interesserte eller engasjerte i verksemda.

## 6 Sluttkommentar

Mykje står på spel i akkrediteringsprosessar, og ein veit at det inviterer til evalueringsspel, der institusjonane vil vere motiverte til å te seg taktisk. Det kan dels gi seg utslag i "høflig lydighet", dels i konfrontasjon med NOKUT og deira sakkunnige, alt etter korleis ein vurderer at den eine eller den andre haldninga vil tene det ønskete resultatet. Samtalane med institusjonsrepresentantane i denne studien gir døme på korleis dette skjer. Det vidare spørsmålet blir då om ein slik evalueringssatmosfære gjer institusjonane godt mottakelege for faglege anbefalingar ut over dei krava som gjeld for akkreditering. Studien viser at institusjonane i det store og heile stiller seg positive til anbefalingane og seier at dei har følgd opp dei fleste av dei. Det kan tyde på at anbefalingane oftast verkar kvalitetsdrivande, slik dei er meint. Men i samtalane, og særleg når det er dei fagleg ansvarlege som fører ordet, kjem det og fram at det søkande fagmiljøet som regel er sterkt sjølvmedvitne i spørsmål om fagleg kvalitet og utvikling og slett ikkje alltid aksepterer dei sakkunnige sine idear og anbefalingar reservasjonslaust.

Spørsmålet om korleis faglege anbefalingar fungerer i akkrediteringsprosessar demonstrerer tydeleg den kjende og uunngåelege motsetnaden mellom utvikling og kontroll, og spørsmålet om dei to funksjonane kan berast av ein og same prosess. I si kjerne har akkrediteringsprosessane ein kontrollfunksjon, samstundes som dei har form av fagfellevurdering. For ein sektor som før 2003 ikkje var van med formell fagleg kontroll ved eit uavhengig organ, kan det hende at det er noko som "skurrar" i møtet mellom fagfelleprinsippet og kontroll. I akademisk tradisjon inneber fagfellevurdering ein meir likestilt og dialogprega prosess, og ein ser det nettopp i kommentarane til akkrediteringar av mastergradsstudium korleis fagfolka i institusjonen gjerne saknar den dialogprega kontakten med dei sakkunnige. Når dei dessutan ofte vurderer dei sakkunnige komiteane som for tynt (og tilfeldig) samansette, er dette med til å styrke "posisjonen" til institusjonane sine eigne fagfolk andsynes komiteen, og komiteen sine synspunkt og anbefalingar kan få relativt mindre vekt hos dei som eventuelt skal følgje opp anbefalingane. I akkrediteringsprosessar for doktorgradsprogram eller heile institusjonar, derimot, er prosessane både lengre og djupare, meir dialogprega og utført av breiare samansette komitear. Tilbakemeldingane frå institusjonane tyder på at desse prosessane får større legitimitet hos dei som blir vurderte, og at dei anbefalingane som komiteane kjem med derfor også kan få større vekt i institusjonen sitt vidare arbeid med kvalitetsutvikling.